



Gunnar Leite frå Uskedalen og Malene B. Rusten frå Valen var to av leiarane på Brandøy sist helg. (Foto: Joakim Espevik)

**Sist helg var 61 konfirmantar frå Husnes og Holmedal sokn på leir på Brandøy og blant dei 14 leiarane var ei uskedeling – Gunnar Leite.**

Laurdag føremiddag vart i stor grad brukt til å prøvesmaka på musikalen som konfirmantane skal framføra søndag 6. april. Andre høgdepunkt denne dagen var kassestabling i ny aktivitetshall og minicup i innebandy. Konfirmantane vart og orientert om fasteaksjonen som Kirkens Nødhjelp snart skal arrangera og som skal hjelpa menneske i skuggen av krig og terror. Konfirmantane skal vera med på innsamlinga, som gvar føre seg 11. mars.

Helgas store happening var konfirmantfesten med underhaldning der både leiarar og konfirmantar deltok.

Kyrkjelydssekretær Jan Ove Fagerheim seier at det var ei utruleg kjekk helg. Det er samansveisande å reisa på weekend på denne måten og han rosar leiarane for stor innsats.